



ÅRSMØTE EMBLEM BEDEHUSFORSAMLING 2021

INNKALLING OG SAKSLISTE

ÅRSMELDING FRA FORSAMLINGSSTYRET

ÅRSREGNSKAP FOR FORSAMLINGA 2020

BUDSJETT 2021

ÅRSMELDING FRA HUSSTYRET 2020

ÅRSREGNSKAP FOR BEDEHUSET 2020

ÅRSRAPPORTER UNDERAVDELINGER

FRA VALGNEMNDA

Emblem Bedehusforsamling, Nedregotten 25, 6013 Ålesund

www.emblembedehus.no emblem@imf.no Pastor/kontor: 97097472 / 97586240

Tilsluttet ImF Sunnmøre og Indremisjonsforbundet (ImF)

Velkomen til årsmøte i Emblem bedehusforsamling 2021!

Alle som ynskjer det er velkomne til årsmøte i Emblem bedehusforsamling.

PÅ GRUNN AV COVID 19 ER TIDSPUNKT FØREBELS IKKJE BESTEMT, STYRET KJEM TILBAKE TIL DETTE SÅ SNART SMITTEVERNREGLANE GJER AT VI KAN SAMLAST TIL FYSISK ÅRSMØTE.

Medlemmar som har er innmeldte før årsmøtet og har fylt 15 år har tale- og stemmerett i årsmøtet. Innbetaling av medlemskontingent kan gjerast i starten av møtet. Kontingent er kr. 100,- pr. år for vaksen og kr. 300,- for familiar. Ungdommar opp til fylte 18 år kan vere ein del av familiekontingenten til foreldre og syskjen.

Årsmøtet er forsamlinga sitt høgste organ og godkjenner årsmeldingar og gjer dei naudsynte val. Vi legg også opp til god tid til samtale om arbeidet på bedehuset. Det er viktig for oss at så mange som mogleg av dei som har eit forhold til bedehuset deltek på årsmøtet.

SAKSLISTE OG PROGRAM

- Velkomst og andakt
- Dagsorden
- Val av ordstyrar og referentar
- Val av to personar til å skrive under møteboka
- Val av teljekorps
- Årsmelding, årsrekneskap og budsjett for Emblem bedehusforsamling
- Årsmelding, årsrekneskap og budsjett for Emblem bedehus (husstyret)
- Årsrapportar frå dei ulike tenestegruppene
- Val av styreleiar for 1 år
- Val av 2 styremedlemmar for 2 år og to varamedlemmar for 1 år
- Val av revisor for forsamlingsstyret / husstyret (skal ikkje gjerast dette året)
- Val av 3 styremedlemmar til husstyret
- Val av valnemnd for 2022
- Årsmøtet skal oppnevne ein person til Eldsterådet etter innstilling frå styret/eldsteråd
- Samtale

Emblem 22.01.2021
for styret i Emblem Bedehusforsamling

Arild Ove Halås (styreleiar)

ÅRSMELDING EMBLEM BEDEHUSFORSAMLING 2020

INNLEIING

Emblem bedehusforsamling blei stifta 11.11.1901 og det gjer at 2020 er forsamlinga sitt 120 arbeidsår. Forsamlinga er tilslutta ImF Sunnmøre og Indremisjonsforbundet. Emblem bedehusforsamling sin visjon er «Heilt liv».

HEIMLOV

Dette året har ingen av våre medlemmar gått bort.

CORONA-ÅRET

Som alle andre har også vi i Emblem bedehusforsamling vore sterkt berørt av den verdsvide Corona-pandemien og dei tiltak som har vore gjort for å slå ned smittespreiinga. I mars vart Noreg «stengt ned» og gjennom heile våren kunne vi ikkje samlast som forsamling på bedehuset.

I løpet av berre nokre dagar klarte vi likevel ved hjelp av gode teknikarar og frivillige å starte med å sende gudsteneste kvar søndag kl. 1100 på Facebook. Dette har vore til stor hjelp for mange og vi er svært takksame for at dette let seg gjere. Vi har også investert i en del nytt teknisk utstyr for å gjere dette så enkelt og godt som mogleg reint teknisk.

Søndag 21. juni kunne vi endeleg samlast på bedehuset igjen, og gudstenestene våre gjekk som normalt første del av hausten. Når dei nye innstramingane kom som gjorde at vi berre kunne samlast 50 personar, tok vi opp att å streame gudstenestene våre direkte samstundes som vi opna for inntil 50 personar som kunne melde seg på som deltakarar på førehand. Vi registrerte at vi aldri vart så mange som 50 som var samla fysisk på bedehuset, men at mange i forsamlinga følgde gudstenestene heime.

Pandemien og smittevernstiltak har sjølv sagt også sett sitt preg på arbeidet i alle våre lag og underavdelingar, og her viser vi til dei enkelte rapportane frå laga våre.

Ved inngangen til 2021 er vi igjen i den situasjonen at vi for ei stund ikkje kan arrangere gudstenester i første halvdel av januar. Vi er då takksame for at vi har skaffa oss både utstyr og kompetanse som gjer at vi forholdsvis greitt kan streame gudstenester frå bedehuset sjølv om vi ikkje kan samle tilhøyrarar.

Så er vi i styret spente på kva konsekvensar dette vil ha for forsamlinga vår på sikt. Vil vi få en oppsving i antal som kjem på samlingane på bedehuset når pandemien ein gong er over og vi igjen kan samlast fritt, eller har vi vorte vande til å sitje heime og sjå det heile på skjermen?

MEDIEOPPSLAG OM FORSAMLINGA VÅR I MEDIA

I januar kunne avisa DAGEN melde at vi hadde innført eldsteråd og opna dette for kvinner. Sjølv om saka då var eit halvt år gamal, skapte dette mykje skriving i ulike aviser og delvis også på sosiale media. Dette med bakgrunn i at vi med vårt vedtak hadde lagt oss på ei noko anna linje når det gjeldt det såkalla «tenestedelings-prinsippet» enn det Indremisjonsforbundet står for. I enkelt innlegg i media vart det brukt svært harde ord om både forsamlinga vår og om styret. Styret er djupt takksam for den indre ro og søskenkjærleik som prega forsamlinga vår i denne tida.

Etter kvart roa saka seg i media, og etter sommaren vart styret/eldsterådet einige med ImF Sunnmøre om ei felles forståing av desse spørsmåla, noko som også gjer det heilt tydeleg at krinsen framleis ynskjer å ha forsamlinga vår i sin midte og at vi er einige om at dette er eit ordningsspørsmål og ikkje eit lærespørsmål reint teologisk.

STYRET

Etter årsmøtet i januar har forsamlingsstyret bestått av følgande: Arild Ove Halås (styreleiar), Katrin Aspehaug Bjerkan (nestleiar). Linda Silden Lillestøl (sekretær), Oddbjørn Lystad og Sverre Zahl. Helge Åkernes (1. vara) og Bjørnar Ødegård (2. vara).

Styret har hatt 9 møter og behandla 64 saker. Styret har også hatt eit felles møte med Eldsterådet.

TILSETTE OG FRIVILLIG MEDARBEIDARAR

Kai Even Bjørdal har hatt permisjon frå si stilling som hovudpastor i 60 % stilling heile året. Frå 1. januar 2021 sluttar Kai Even som vår hovudpastor. Styret ynskjer å uttrykke stor takksemnd til Kai Even for den store innsatsen han har lagt ned som hovudpastor gjennom 11 år, og vi er glade for at vi framleis kan gjere oss bruk av han og hans ressursar i forsamlinga vår..

Oddrun Malum Bjørdal har vore tilsett i 40 % stilling heile året som «barne- og familiepastor».

Nikolai Sundklakk har vore tilsett i 60 % stilling som ungdomspastor gjennom heile året.

Frå 1. august vart Ole Andreas Høyberg tilsett i ei 50 % stilling som song- og musikkleiar for eitt år.

Kurt Andre Henriksen har vore frivillig regnskapsfører for forsamlinga medan Arvid Ødegård har vore revisor.

Elles består jo forsamlinga vår av ei stor gruppe frivillige medarbeidarar som gjer ein stor innsats på mange ulike måtar, noko også alle rapportane frå våre underavdelingar syner.

DÅP, KONFIRMASJON OG BRYLLUP

Vi har ikkje hatt dåpsbarn i forsamlinga dette året. Konfirmasjonane som skulle vere gjennomført i mai vart utsett til hausten grunna pandemien. Vi hadde 12 konfirmantar som vart konfirmert i september. På grunn av smitteverns restriksjonar vart det gjennomført to konfirmasjonsgudstenester.

Konfirmasjonsopplæringa er ein del av KonFu, eit samarbeid mellom vår forsamling, ImF Ung Sunnmøre, Misjonssalen og NLM Ung Region Nordvest.

Vi har også fått gleda av å gjennomføre ein vigsel på bedehuset, då Helene Lillestøl og Gunstein Innvær vart vigde av Kai Even Bjørdal 4. juli.

ARRANGEMENT

Søndagsgudstenestane kvar søndag kl. 1100 er forsamlinga si hovudsamling. Frammøtet her er i all hovudsak godt og vi er takksam for innhaldet i gudstenestene våre og til alle som er til stades. Vi syner her elles til det vi har omtale i forbindelse med corona-pandemian tidlegare i årsmeldinga.

Årsmøtet:

Som vanlig ble årsmøtet for forsamlinga halde siste søndagen i januar. I tillegg til dei ulike årsmøtesakene var det tid til samtale om arbeidet. Støyen i media omkring at vi har opna for kvinner i eldsterådet vart ein viktig del av samtalen i årsmøtet.

Faste arrangement som vart avlyste grunna pandemien:

Påskegudstenesta første påskedag, 17. mai festa, Familie-weekend på Orreneset, Sommarmøta, Kick-Off samling på Brusdalsheimen i august, julegudstenesta, begge julefestane og nyttårsfeiringa vart avlyst dette året.

Forsamlingsmøter:

Vi har i løpet av året hatt 2 forsamlingsmøte, eit i kvart semester.

Bibeltimar:

Vi har fått gjennomført 3 bibeltimar på tirsdagskveldar dette året.

Førjulssong

Ståle Heggset med team ga oss ein flott inngang til julehøgtida søndag 20. desember med det som dette året vart julekonsert. Vi valde å gjennomføre 2 konsertar, ein kl. 1100 (med streaming) og ein kl. 1400. Totalt meldte vel 80 personar seg på desse to konsertane.

Østrem setra Opp

Vi var med arrangør av «Østrem setra opp» i august (saman med Åpne Dører og Ålesund løpervenner), med registrering og premieutdeling på bedehuset.

ELDSTERÅD

Eldsterådet har så bestått av Randi Fagerhol Lauvås, Arvid Ødegård (leiar) og Kurt Andre Henriksen. Styret og eldsterådet hadde i juni felles møte med Hyrde- og lærerådet i ImF Sunnmøre, eit møte som munna ut i en felles skriftleg forståing av ulik praksis med tanke på kvinners teneste i hyrde- og lærefunksjonar.

Vi håper å supplere med den siste medlemmen i eldsterådet på årsmøtet i 2021. Vi viser til eigen årsrapport frå eldsterådet.

TENESTEGRUPPER

Emblem bedehusforsamling er velsigna med mange ulike tenestegrupper. Vi har svært mange frivillige medarbeidarar som gjer ein enorm innsats for Guds rike gjennom frivillig teneste. Vi er djupt takksame for kvar einskild som er med i arbeidet i forsamlinga vår. Ynskjer du å vera med i ei tenestegruppe er du hjarteleg velkomen til å ta kontakt.

Her viser vi til dei ulike rapportane som ligg ved årsmeldinga.

MEDLEMMAR

Vi har pr. 31.12.20 246 medlemmar. Medlemmar som har fylt 15 år har tale- og stemmerett på årsmøte i forsamlinga.

MISJONSPROSJEKTA VÅRE

Også dette året har vi støtta tre misjonsprosjekt i tillegg til vår støtte til vår eigen organisasjon ImF Sunnmøre.

Våre misjonsprosjekt er Åpne Dører sitt arbeid i Syria, Normisjon sitt arbeid i Bamako i Mali og Ukraina-hjelpe (hovudprosjekt dette året).

ØKONOMI OG REKNESKAP

Rekneskapsfører Kurt Andre Henriksen skriv følgande om økonomien og rekneskapan:

2020 ble et godt år økonomisk selv om det var svært mange gudstjenester som ble avlyst. Og dette kan vi takke alle våre faste givere for. Den faste givertjenesten er grunnlaget i vår økonomi og står for 73% av alle våre inntekter. Så en stor takk til alle våre givere. Givertjenesten endte på 974000, så vi var 26.000 fra vårt mål på 1 mill.

Kollektene gikk faktisk litt opp dette året isolert sett, men vi i 2019 gav vi 86.000 i kollekt til andre som hadde møter hos oss, dette tallet var 4.000 i 2020, så dette er kanskje noe av årsaken til at våre medlemmer har gitt litt mer i kollekt til eget arbeid.

Vi har også mottatt 101.328 i mva. kompensasjon for året 2019. Vi overførte 50.000 til husstyret, slik at vi i begge disse regnskapene får en stor inntekt på denne ordningen.

Vi har overskredet budsjettet på lønn, men dette er en bevisst handling ved at vi ansatte Ole Andreas denne sommeren og vi valgte å forlenge stillingen til Nikolai. Ut fra at Kai Even har hatt permisjon dette året så var det mulig, mot en relativt liten men planlagt overskridelse.

På kostnadssiden så ser vi også selvsagt resultatet av lavere aktivitet enn vanlig.

En stor konfirmasjonsgjeng som reiste på Impuls i februar synes selvsagt igjen både når det gjelder inntekter og kostnader.

Vi betaler ned på lydanlegget og 50.000 av årets kostnad har vi brukt til å nedbetale gjelden.

På forrige årsmøtet la vi frem et budsjett på kr. 210.000 for 2020.

Det at vi greier å levere et regnskap med et overskudd på kr 112.250, i pandemiåret 2020, mener jeg vi skal si oss veldig godt fornøyd med.

Nok en gang vil jeg si: TUSEN TAKK til alle som er med å gi til forsamling vår.

TAKK

Styret ønskjer å takke alle våre medlemmar og andre som gjer forsamlinga vår til det ho er. Takk til alle som kjem på dei ulike samlingane våre, til alle som bidreg i dei ulike tenestegruppene med meir.

Mest av alt går takken til Gud vår Herre og Frelsar, han som frelste oss og ga oss kall og teneste som medarbeidarar i hans rike.

«Kast ditt brød på vatnet, for med tida skal du finna det att» Forkynnaren 11,1

Emblem 14.01.2021

Arild Ove Halås (styreleiar)

Linda Silden Lillestøl

Oddbjørn Lystad

Katrin Aspehaug Bjerkan (nestleiar)

Sverre Morten Zahl

Helge Åkernes (1. vara)

Bjørnar Ødegård (2. vara)

ÅRSRAPPORTAR UNDERAVDELINGER – EMBLEM BEDEHUSFORSAMLING 2020

(Her finn du alle rapportar som vi har fått inn før årsmøtepapira måtte sendast ut).

Årsmelding fra Husstyret 2020

Styret består av: Marit Ødegård, Hanne Berntsen, Øystein Emblem, Kåre Flesjå, Magne Ulstein og Anne-Marit Saunderson.

2020 Coronaåret har vore eit merkeleg år. Husstyret har ikkje hatt ein leidar dette året og det har vore ein person for lite i styret. I tillegg har coronapandemien gjort det umogeleg å arrangere aksjonane vi vanlegvis brukar å ha for å samle inn pengar til drifta og eventuelle nykjøp til Bedehuset. Det har og vore restriksjonar på fysiske møter, det har vore minimalt med utleige og dermed lite leigeinntekter. Vi har hatt fire fysiske møter og tomøter for å ordne praktiske ting. Elles så har vi kommunisert og organisert via ei Messengergruppe.

PROSJEKTER I 2020.

Grautdagen 28.03.20 -vart avlyst. Vi gjennomførte loddsalget digitalt og fekk inn 23.000,-

Vårdugnaden var planlagt til 14.16.18.og 21. April, men kunne heller ikkje gjennomførast på vanleg måte. Bedehusfolket vart oppfordra til å bruke vasketimane på dugnadsarbeid. Nokre stilte opp og ein del av det som stod på listene vart gjennomført. Husstyret hadde kostedugnad for å få vekk grusen og rydde på uteområdet i Juni. Vi tek gjerne i mot tips om korleis ein kan få fleire til å stille opp på dugnad.

Haustaksjonen, vårt største arrangement skulle gjennomførast 24.10.20. Sjølv programmet vart avlyst, men vi satsa på å få solgt mest mulig med lodd digitalt og med livesending på Facebook. Vi hadde fått ei flott liste med gevinstar. Det vart også sendt ut brev til medlemmane med oppfordring til å gje ei ekstra gave til Bedehuset. Vi fikk inn 66 000,- på loddsalg, og 20 000,- i kollekt søndagen etter Haustaksjonen.

Kva har blitt gjort av arbeid I 2020:

Det har kommet barnesikring på alle vindauga I salen oppe. Det er montert varmpumpe I matsalen. Alle dei blå stolane har fått nytt trekk og har blitt reparert. Brakka har blitt malt og eine vinduet har blitt reparert. Vaskelista har fått ein oppdatering. Vi treng fleire til å hjelpe.

Prosjekt for dei nermaste åra:

Ein må fortsette å holde huset i god stand. Ein må prøve å oppfylle lover og forskrifter som vi er pålagt. Ein må begynne å tenke på om taket skal skiftes ut. Vindauga på sørsida må males og vinduet i trappa fra kjøkken til sal må skiftes. Vindu i brakka bør skiftes. Vi jobber med å skifte ut alle lyspærer til led-pærer.

Økonomi:

Her viser vi til regnskapet. Ein stor takk til Øyvind Akslen som held styr på økonomien fører regnskap og betaler rekningar.

Ein spesiell takk til alle dei som har bidratt med gevinstar til aksjonane, som har kjøpt lodd, og gjort ein innsats for å holde huset og uteområdet i den stand vi ønsker å ha det slik at folk kan trives her. Ein ekstra takk til dei som har stått på for å få praktiske ting til å gå rundt, som kjøring av stolar, maling, vasking, handling og organisering.

Marit Ødegård, Hanne Berntsen, Øystein Emblem, Kåre Flesjø, Magne Ulstein og Anne-Marit Saunderson.

Rapport fra VERT-TJENESTEN

18 personer står på lista vår for 2020. Etter ønske settes vertene opp med ulike intervall – fra ett par ganger i halvåret til en gang i måneden.

Dette spesielle året har mange av gudstjeneste blitt avlyst. Andre har vært med begrenset antall deltakere og strenge smittetiltak. Noen «mat og prat» har vi hatt, men for det meste kun servering av kaffi ved inngangen oppe.

Vi ser fram til bedre tider uten så mange begrensninger, der vi også kan ta bedre vare på den viktige sosiale dimensjonen i forsamlingen.

For vertene
Jofrid Teigen Emblem

Årsrapport for Emblem Misjonsforening 2020

Emblem misjonsforening er delt mellom 4 ulike organisasjonar. Dei fire er Emblem Indremisjon, Normisjonen, Det Norske misjonsselskap og Norsk Luthersk Misjonssamband. Møta vert haldne kvar tirsdag frå kl.11.30-13.30. Vi kan avslutte nokre minutt før, dersom det passar slik for den enkelte leiar. Vi har òg snakka om å ha foreningmøte annakvar tirdag, for vi blir etter kvart ein liten flokk med eldre damer, og nokre har andre foreningar dei er med i òg.

Vi har også i 2020 feira åremålsdagar (to 80 år) og då møter misjonskvinnene opp i all sin prakt, og blir servert kaffi, kaker og høge smørbrød, og gjev si gåve til misjonen i staden for til jubilanten. Når vi er samla er vi 9-10 stk. Dette er ei forening som har gått i bygda i mange, mange år, og det har vore ei stor berikelse for bygda å ha ei forening som kan samlast om dei ulike organisasjonane, og vi er glade for å ha foreningsmøta på bedehuset. Vi som er med i denne foreninga i dag, har stor respekt, og ønskjer ikkje at den skal bli nedlagt, så nye medlemmer står høgt på ønskelista. Foreningsinnhaldet er det den enkelte leiar som har ansvar for, og det består av sang, andakt, opplesing frå det ein kan finne av både misjonsstoff og anna oppbygging. I det siste har vi lese boka av Lise Karlsen; "Ennå er det Håp." Ellers har vi mange gode samtalar under matpausen som består av medbrakt mat og kopp. Vi ber for kvarandre, for våre nære og kjære, for misjonen, for bygda og folket som bur her. Den enkelte leiar møter opp i god tid, kokar kaffi, lagar til bord med lys og blomster. Det enkelte medlem tek òg del med eit ord og vitnemål. Vi kan spele fin sang og musikk frå ei CD-plate. Vi kan ta med handarbeid. Vi har òg dei som kjem og held andakt for oss.

Det har vore ei spesiell tid for oss, som det har vore for andre foreningar i denne korona-tida. Indremisjonen har i 2020 hatt forening 4. febr., 3. mars, 8. aug., 6.okt., 3. nov. (like mange på alle foreningar).

Vi har teke alle reglar for korona-smitte nøye, alle tar ein sprut av handspriten før dei tar sine faste plassar. I 2020 har vi samla inn kr 6900,- til Sunnmøre Indremisjon, og kr 1000,- til Brusdalsheimen.

Leiar for Indremisjonsforeninga i 2020 har vore Kirsti Emblem.
For foreninga: Kirsti Emblem

Årsrapport 2020 fra Store-Ving

Året 2020 ble jo litt annerledes enn vi hadde tenkt.
Våren 2020 rakk vi å ha 5 samlinger før vi måtte ta pause.
Høsten 2020 gikk stort sett som normalt - dog med diverse tiltak.
Oppmøtet har vært 15-25stk, typisk knappe 20. God blanding av gutter og jenter.
Ledere gjennom året: Britt-Janne Lystad og Rune R Myklebust.
Ved inngangen til 2021 er vi stadig kun 2 ledere! Det går foreløpig greit - men er noe sårbart.
Vårt opplegg er rimelig standard og relativt enkelt, men barna ser ut til å trives.
Inntrykket fra barna er at de savner Ving - og vil gjerne komme igang igjen!

For Store-VING – Rune Myklebust

Årsrapport for søndagsskolen

Dette året har det blitt få søndagsskolesamlinger. Det ble en brå slutt midt i mars, og vi kom ikke i gang igjen før i aug, og i okt så var det igjen slutt. Dessverre så måtte vi avlyse familie-søndagsskolehelga på Orreneset. Før sommeren hadde vi en dugnad der vi leverte ut en kort hilsen, og noen søndagsskoleblad, til alle de som er med på de to minste gruppene.
Ledere dette året har vært: Hans Jakob Hunnes, Olav Kopperstad og Vidar M. Ødegård på de minste, Maria og Sverre Zahl, Corina Klokk og dels Emma Saunderson på de mellomste, og Carl Helge Hovda, Katie Møgster (sluttet til sommeren) og Oddrun M. Bjørdal på de eldste.

Årsmelding Emblem Junior VING 2020

Vi rakk å ha fem samlinger for Junior Ving før alt blei nedstengt. Det blei ein brå slutt, men alle borna fekk ei lita sommerhelsing i postkassa.
Første halvår hadde vi 30 registrerte medlemmer. Nokon som berre såvidt var innom, men dei fleste trufaste. Ca 20 barn på kvar samling.

Det var spennende å starte oppatt i slutten av august etter så lang pause. Men vi opplevde at borna strøymde på, og vi har notert 53 navn på lista vår. (det har vore pluss..minus 40 på kvar samling.) Det vart ei utfordring dette med smittevern, men det har gått fint. Vi har hatt sju samlinger i haust. Det er flott å kunne samle så mange born til Junior Ving. (Dei fleste er ikkje med på bedehuset ellers.)

Sjølv om det kan vere litt bråk og leven, er borna stille og lyttende når vi har andakt. Vi er så glade for å få så ordet om Jesus til desse små.

Junior Ving er for born fra 1. til 4. klasse. Har samling annankvar onsdag kl 17.30. Leiarane i 2020 har vore Kari Anne Osen, Silje Osdal, Svanhild Farstad og Hilde Lukkedal.

I januar 2021 kan ving arbeidet på bedehuset feire 30 års jubileum.
Hilde Giske Lukkedal

Årsmelding fra " TORSDAGSTREFF"

Året som gikk var spesielt, og mye av aktivitetene, også på bedehuset, ble redusert. Men det ble likevel gjennomført to samlinger i vårsemesteret, før koronaen satte en stopper, og to samlinger i høst etter at det igjen ble tillatt å kunne samles opp til femti personer.

Fremmøte har vært bra med ca. 30-40 personer på hver samling. Det ble heller ingen busstur i fjor. Nå håper vi at vi snart kan gjenoppta normal virksomhet på huset, og at ting vil normalisere seg i løpet av våren .

For "TORSDAGSTREFF"

Kåre Flesjø

RESPONS - Årsrapport for 2020



Å drive kor i eit korona-år har vore heller stusseleg samanlikna med eit normal-år. Men året har også gitt oss mange gleder. Etter å ha innleia 2020 med ein svært vellukka vinter-weekend på Bjorliheimen, heldt året fram med ein fantastisk felleskonsert i lag med sjølvaste Divisi og Aalesund Gospelkor 31. januar. Så var vi sterkt delaktige under gospelgudstenesta i Skodje kyrkje 1. mars. Deretter vart det stille. Neste opptreden for Respons vart på konfirmasjonsgudstenestene på Emblem bedehus 3. oktober, og då med under halve koret på podiet under kvar av dei to gudstenestene. Valderøy bedehus hadde stor nok scene til at heile koret kunne stille under PitStop to veker seinare. Den einaste heile konserten med Respons åleine var julekonserten 18. desember og då for 50 publikummarar og livestreaming på facebook.

Julaftangudstenesta vart spelt inn tre dagar før den 24. desember og sendt kl. 13.00 på julaften. Vi har dessutan bidratt på eit par livesendingar på facebook i regi av NSP Aid, Ukrainahjelpen og bedehusbasaren. Julefesten vart avlyst.

2020 vart fyrste året sidan 1997 utan sommartur for koret. På lik linje med resten av kultur-Norge vart det meste avlyst også for Respons. Etter total nedstenging frå midten av mars til slutten av mai hadde vi nokre øvingar med smittevern-avstand før sommarferien. I august starta vi opp med litt innkorta øvingar og koristane plassert utover heile hovudsalen på bedehuset.

Trass dei begrensningane vi har hatt, ser vi kor viktig Respons har vore for ungdomane i unntaksåret. Gleda over å møtast og syngje, spele og styre lyd, lys og media har vore synleg. Og vi har hatt gleda over å få med oss musikkpastor Ole Andreas Høyberg på laget. Vi har hatt sterke andakter og delt budskapet om Jesus midt i korona-krisa. Difor har det vore meningsfullt å halde på med Respons også i 2020.

Fakta for 2020:

Medlemstal: vårhalvåret: 78, hausthalvåret: 62

Musikalsk leiing: Dirigentane Hanne Skare Vorren (vårhalvåret), Isabella Lindsholm (heile året) og Fride Sjøstad (hausthalvåret) og Maria Klokk Fremstad og Arild Berstad (hovudleiar).

Styret vore samansett slik:

Maria Åkernes (leiar vårhalvåret), Andrea Sæbø (styremedlem vårhalvåret og leiar hausthalvåret), Bendik Bjørdal (styremedlem vårhalvåret), Elias Akslen (styremedlem heile året), Fride Sjøstad (styremedlem heile året) og Åshild Hamnøy (styremedlem hausthalvåret).

Arild Berstad har vore med i styret heile året. Også resten av vaksenleiarteamet har bistått styret gjennom heile året. Kasserar/økonomleiar heile året (ikkje på val): Jofrid Teigen Emblem.

Respons sitt vaksenleiarteam i 2020:

Synnøve Skare Vorren, Roald Aune, Rune Abelseth, Robert Wolff (vårhalvåret), Nina Akslen Yksnøy (hausthalvåret), Pål Løvdal (hausthalvåret) og Arild Berstad. Åshild Kopperstad var med fram til sommaren med tilbod om forbøn og samtale under korøvingane. Ho var også med som forkynnar på vinter-weekenden. Vi er svært takksame til Robert (vaksenleiar gjennom heile 8 år) og Åshild for deira sterke bidrag for Respons! I heile 2020 har Aud Åkernes halde fram som forbedar, samtalepartnar og andaktsansvarleg. Stor takk til henne!

Takk til alle som har støtta arbeidet med Respons på ulike måtar! Takk til Emblem bedehusforsamling sine tilsette! Takk til dei som har vore med i forbøn og med praktisk hjelp! Takk til hovudsponsor Ørskog Sparebank og støtten frå Stiftelsen Kjell Holm og Ålesund kommune og andre sponsorar! Ein særleg takk til kasserar Jofrid Teigen Emblem og revisor Anna Bakke Sæter, og til vaksenleiarteamet!

Mest av alt: Takk til Herren Jesus Kristus! Utan han – intet Respons!
Les meir om Respons på www.ungdomskoret.com og følg oss på facebook.
Arild Berstad - Korleiar

Årsrapport frå sang- og musikktenesta

2020 var året då vi fekk tilsett sang- og musikkmedarbeidar i Emblem bedehusforsamling. Ole Andreas Høyberg starta i 50 % stilling 1. august. Dette har vore til stor velsigning og førte til at det i hausthalvåret var fem team i aksjon. Til glede for oss alle var Team Tjomlid då tilbake i sang- og musikkteneste igjen etter ein pause. Vårhalvåret var det berre tre team å fordele gudstenestene på.

Til gjengjeld var dette halvåret prega av unntakstilstand med digitale gudstenester frå midten av mars til midten av juni. Gudstenestene vart då innspelt på førehand og sang- og musikkteama deltok på dette. Også julaftangudstenesta vart digitalt dette året. Men heldigvis fekk vi oppleve Ståle med team både live og digitalt under den tradisjonelle førjulskonserteren søndag før jul.

Teamleiarar vårhalvåret var Ståle Heggset, Jon Eirik Urstad og Arild Berstad. I tillegg leia Ann-Magritt Gammelsæter sangen og musikken på ei gudsteneste. Hausthalvåret fekk vi altså med oss Ole Andreas Høyberg og Team Tjomlid med Inger Anne og Robert Tjomlid i spissen. Sangen og musikken under konfirmasjonane og julaftangudstenesta stod som vanleg Respons for.

Vi som er med i denne tenestegruppa, har som mål å bidra til at den enkelte som kjem til bedehuset søndag kl. 11 eller følgjer med digitalt, skal bli inspirert av sangen og musikken dei får lytte til, og sjølv få lyst til å delta. Alle generasjonar skal kunne kjenne seg igjen i heile eller delar av det musikalske uttrykket og kunne delta i fellessangar som dei kan og bli motiverte til lovsang og tilbeding. Både kjende og kjære sangar frå tiår og hundreår tilbake og nyare sangar frå inn- og utland skal inkludere både unge og eldre. På denne måten vil vi verdsetje det slitesterke og gamle og samstundes la dei unge oppleve at vi kan fornye oss i stil og uttrykk. I innhald er alle former prega av evangeliet om Jesus Kristus og heile det bibelske «forråd». Instrumenteringa har variert frå kun piano til fullt band.

Stor takk til alle som har bidratt i sang- og musikktenesta – med instrument og/eller sangstemme! Takk også til alle som har gitt oss tilbakemeldingar – både gode og oppmuntrande - og kloke råd, tips og kjærlege rettleiingar!

Arild Berstad - koordinator for sang- og musikktenesta i 2020

Årsrapport for barne- og familiepastor

Året 2020 har vært et spesielt år, og litt rart å oppsummere. Mye tid har gått med til å forholde seg til nye retningslinjer, nye antall, hva vi kan vi og hva vi ikke kan gjennomføre.

Dette året har vi hatt et stort konfirmantkull på bedehuset, 12 stk, og en kjempestor gjeng på Konfu. Jeg synes det er leit at vi ikke fikk gjennomført alt med denne flotte gjengen. Men vi fikk tatt igjen litt etter sommeren, og fikk heldigvis gjennomført to konfirmasjonsgudstenester i oktober, før det igjen ble reduksjon i antall tillatte personer i forsamlinger. Søndagsskolehelga på Orreneset ble det ikke noe av.

Vi skulle hatt en gudstj med invitasjon til 1.klassinger på våren, og for 4-5 åringer på høsten, dette er utsatt på ubestemt tid. Jeg synes det er leit at det har blitt lite for ungene dette året. Håper på en bedring snart. Lite søndagsskole ble det, og få familiegudstjenester. Veldig kjekt med de familiegudstjenestene vi klarte å gjennomføre, og her har jeg med meg en gjeng idé-rike damer; Tine Kopperstad, Kristin Akslen og Elisabeth Hunnes, og Helge Åkernes er delvis med.

Da alt ble nedstengt i mars, var heldigvis Nikolai raskt ute med å foreslå å gjøre opptak for å legge ut noe digitalt, og det tok etter hvert en del tid. Så startet vi på ny frisk i høst med åpne gudstjenester, men måtte redusere igjen. Da er det flott at en har tekniske folk i forsamlinga som går i gang med streaming og opptak på nytt. Nikolai og jeg fikk også laget et par små videoer før påske og pinse, om tips til hvordan en kan markere disse høytidene hjemme.

Oddrun Malum Bjørdal

Årsmelding frå Eldsterådet 2020

Eldsterådet er forsamlinga sitt øvste åndelege organ og skal sjå til at arbeidet og livet i forsamlinga er i samsvar med forsamlinga sine lover, grunnlag, formål og visjon.

Eldsterådet har i 2020 hatt 3 medlemmar:

Arvid Ødegård – leiar

Randi Fagerhol Lauvås – sekretær

Kurt André Henriksen – medlem

Eldsterådet hadde i 2020 7 møter. Eit av møta var saman med Hyrderådet i ImF Sunnmøre og leiaren for styret i Emblem bedehusforsamling der tema for møtet var saka om kvinneleg eldste. Etter møtet vart det skrive ned nokre punkt som både styret i ImF Sunnmøre og styret i Emblem bedehusforsamling vart samde om.

Av saker eldsterådet har behandla kan vi nemne: Innspel til talarkrefter, bruk av forsakelsen i tillegg til truedkjenninga på GT, oversikt over, - og kontakt med tjenestegruppene, nytt medlem i eldsterådet, bøn i forsamlinga.

Vi i eldsterådet er opptekne av at vi ynskjer å ha kontakt med medlemane i forsamlinga, sjå og lytte. Dette spesielle året har det dessverre vore mindre anledning til å treffast. Vi set også av god tid til samtale og bøn når vi er samla.

Årsrapport 2020 for «Gullivergjengen» Emblem bedehus

Gullivergjengen, basert på søndagsskulen sitt «Familiesprell» har avslutta sitt 8. år.

Vi startar med gratis middagsserverting i bedehuskjellaren frå kl.16.15-17.00 annankvar mandag.

Deretter trekker dei minste (1.klasse og nedover t.o.m 4-åringar) inn i småsalen, der vi har ei 30-40 minutts søndagsskulesamling. Foreldre kan då anten vere med der, eller drøse med kaffi i naborommet.

Vi har pga av covid-19 kun fått halde på i januar og februar i år, og rakk difor berre 4 samlingar i 2020 og vi har vore frå 35-60 med barn og vaksne. Sjølv «søndagsskulesamlinga» etter middagen har hatt mellom 12 og 22 barn, noko som er ganske stabilt ift til dei siste åra.

Vårt håp er at vi får formidla Jesus til barna (og nokre vaksne), og at det kan fungere som ein dørøpnar for nye til forsamlinga vår. Vi har fått oppleve at nye fjes har dukka opp fleire gongar. Herifrå kan vi henvise til både den vanlige søndagsskulen i samband med gudstenestene vår, til Ving, Tusenfryd og ellers knyte band mellom familiar, barn og vaksne som kanskje elles ikkje so lett oppstår.

Vi er innmeldt som eiga barnegruppe/søndagsskule i SØNDAGSSKOLEN NORGE, Sunnmøre krins, og får noko tilskudd ift medlemsinnbetalingar derifrå.

Vi takkar våre koordinator på kjøkkenet, Hilde og Arvid Lukkedal med sine kokkar Anne-Marit Saunderson, Stein Gunnar Sjøstad, og medhjelparar elles har vore Ove Kopperstad, Målfrid og Kåre Flesjå,

Helge Åkernes har hatt ansvaret for samlingane med barna etter middagen. Det er ein flott moglegheit å nå barn og vaksne som kanskje elles ikkje kjem til bedehuset, med evangeliet!

Helge Åkernes (hovudleiar)

Årsrapport for «Kveldsbønn» - 2020

Kvar torsdag, nærast utan unntak, er det bønn på bedehusloftet kl. 20.00-20.45. Vi endra tidspunktet til ein time før ut fra ønske som kom inn. Det er godt å få sett av ei fast tid der det er høve til å samlast om det viktigaste. Som det so klokt er sagt: «Bønn – framfor alt». Frå starten var valget om å ikkje fokusere på kor mange som kjem til bøttesamlingane tatt, og sjølv om det innimellom kan vere utfordrande når nettopp få kjem, minner Gud om å stå fast i bønnearbeidet. Dei som kjem til bønnekveldane gir uttrykk for at dette er godt og viktig.

Ei oppfordring til oss alle, la 2021 bli eit bønnens år, både aleine og i fellesskapet når det kan passe.

Helge Åkernes

Årsrapport Tusenfryd

Tusenfryd har denne høsten hatt mellom 30- 35 barn på øvelsene. Vi øver annan hver mandag. Grunna korona har vi i høst hatt litt kortere øvelser; fra 17.30 til 18.15. Dette er fordi vi ikke kan ha felles aktiviteter/leker grunnet smittevern. Vi har medlemmer fra både Flisnes og Emblem skolekrets.

Vi har i år ca 15 nye medlemmer. 12 av disse er førsteklassinger fra begge skolekretser.

Høsten 2020 gjennomførte vi seks øvelser. Øvelsene i november ble avlyst grunnet koronarestriksjoner. I desember greide vi, under strenger smittevernstiltak, å samle koret til innspilling av en sang som skulle streames på adventsgudstjeneste. Det ble en suksess.

Det er en fin gjeng som møtes på bedehuset annan hver mandag. Glade barn som er glad i å synge og ha det kjekt med venner. Vi ser på oss selv som et lavterskeltilbud som er åpent for alle. Foreldrene er med på øvelser/arrangement. På denne måten kan Tusenfryd være en inngangsport for familier til å bli kjent med Jesus og forsamlingen vår.

Høydepunktet for året 2020 var Skuddårskonserten vi hadde med Team Båt. Det ble en flott workshop med dyktige musikere og en fin konsert på kvelden.

Høsten 2020 har lederteamet bestått av: Marianne Meland Ødegård, Anna Angeltveit Urstad, Jan Rune Rafteseth, Maria Zahl, Vidar Meland Ødegård, Harald Godø Gjerdahl, Tine og Olav Kopperstad, Einar Bjørshol, Maria Helen Ramstad. Våren 2020 hadde vi også Stine Borgan Botn, Ingvild Stavseng og Maria Heltne med i teamet.

For Tusenfrydteamet – Marianne Meland Ødegård

REGNSKAP 2020 / BUDSJETT 2021/ BALANSE

EMBLEM BEDEHUSFORSAMLING

INNTEKTER	Budsjett 2021	Regnskap 2020	Budsjett 2020	Regnskap 2019
Kollekter	kr 230,000	kr 223,934	kr 250,000	kr 214,804
Kollekt samlet til andre	kr -	kr 4,057	kr -	kr 86,796
Givertjeneste	kr 1,000,000	kr 974,600	kr 1,000,000	kr 956,271
Andre gaver	kr 5,000	kr 2,100	kr 7,000	kr 1,129
Sommergaven	kr -	kr 3,627	kr 10,000	kr 6,245
Konfirmasjonskont./Impuls	kr 3,000	kr 26,750	kr 10,000	kr 13,850
Off. tilskudd	kr 10,000	kr 8,904	kr 10,000	kr 8,820
Årkontingent	kr 15,000	kr 18,400	kr 13,000	kr 12,500
Mva kompensasjon	kr 50,000	kr 51,328	kr 10,000	kr -
Inntekter egne arr.	<u>kr 7,000</u>	<u>kr 17,841</u>	<u>kr -</u>	<u>kr 11,238</u>
SUM INNTEKT	kr 1,320,000	kr 1,331,541	kr 1,310,000	kr 1,311,653
PERSONALKOSTNAD				
Lønn ansatte	kr 917,000	kr 719,674	kr 600,000	kr 892,965
Lønnsstøtte til musikkarb	kr (25,000)	kr (25,000)	-	kr (14,200)
Refusjon lønn Israelsmisj	kr -	kr (17,150)	kr (25,725)	kr (102,900)
Annen personalkostnad	<u>kr -</u>	<u>kr -</u>	<u>kr 5,725</u>	<u>kr -</u>
SUM PERSONALKOST	kr 892,000	kr 677,524	kr 580,000	kr 775,865
ANDRE DRIFTSKOSTNADER:				
Husleie/overføring hussty	kr 80,000	kr 80,000	kr 80,000	kr 80,000
Awandamedlemskap	kr -	kr -	kr 5,000	kr -
Matpenger og pynt	kr 10,000	kr 7,143	kr 20,000	kr 19,355
Infoskjerm	kr 4,000	kr 3,250	kr 4,000	kr 3,250
Kontorrekvesita	kr 5,000	kr 4,290	kr 5,000	kr 5,247
Edb/Multimediautstyr	kr 4,000	kr 8,923	kr 4,000	kr 7,847
Telefon	kr 8,000	kr 7,011	kr 12,000	kr 16,212
Trykte publikasjoner/litter	<u>kr 2,000</u>	<u>kr 1,045</u>	<u>kr 4,000</u>	<u>kr 3,476</u>
Kostnader lokale	kr 113,000	kr 111,662	kr 134,000	kr 135,387
Kurs, Oppdatering (ansat	kr 15,000	kr 21,239	kr 20,000	kr 14,278
Kurs for medl. i forsamlin	kr -	kr -	kr -	kr -
Kostnader konf.+Impuls	kr 5,000	kr 34,022	kr 10,000	kr 13,563
Reise- overnattingskostnad (ar	kr 10,000		kr 10,000	kr 12,392
Honorar, innleide musikere	kr 10,000	kr 9,554	kr 5,000	kr 4,000
Honorar, reiseutg. gjester	<u>kr -</u>	<u>kr -</u>	<u>kr 5,000</u>	<u>kr 5,498</u>
	kr 40,000	kr 64,815	kr 50,000	kr 49,731

	Budsjett 2021	Regnskap 2020	Budsjett 2020	Regnskap 2019
Annonsekostnader avis	kr 30,000	kr 23,600	kr 40,000	kr 39,638
Annonsekostnader facebook	kr 1,000	kr 400	kr 2,000	kr 700
Kostn. Fast givertj. Imf	kr 6,000	kr 5,708	kr 6,000	kr 5,857
Diverse kostnader	<u>kr 10,000</u>	<u>kr 16,142</u>	<u>kr 8,000</u>	<u>kr 7,854</u>
	kr 47,000	kr 45,850	kr 56,000	kr 54,049
Støtte nytt lydanlegg	kr 50,000	kr 100,887	kr 90,000	kr 300,000
Kostander streamingutsty	<u>kr 30,000</u>	kr -	kr -	kr -
	kr 80,000	kr 100,887	kr 90,000	kr 300,000
MISJONSPROSJEKT				
Sunnmøre indremisjon	kr 60,000	kr 60,000	kr 60,000	kr 60,350
Brusdalsheimen	kr 6,000	kr 35,500	kr 6,000	kr 9,518
Orreneset	kr 6,000	kr 6,000	kr 6,000	kr 6,000
Radio Sunnmøre	kr 6,000	kr 6,000	kr 6,000	kr 6,000
Ukrainahjelpen	kr 25,000	kr 50,000	kr 50,000	kr 25,000
Normisjon Mali	kr 50,000	kr 25,000	kr 25,000	kr 25,000
Åpne Dører	kr 25,000	kr 25,000	kr 25,000	kr 74,373
Andre misjonsorg.	kr -	kr -	kr -	kr 58,555
Støtte egne lag	<u>kr 5,000</u>	<u>kr 5,342</u>	<u>kr 5,000</u>	<u>kr -</u>
Sum Misjonsprosjekt	kr 183,000	kr 212,842	kr 183,000	kr 264,796
Prosent av inntekt:	14%	16%	14%	20%
FINANSPOSTER				
Bankgebyr	<u>kr 8,000</u>	<u>kr 6,665</u>	<u>kr 8,000</u>	<u>kr 7,710</u>
	kr 8,000	kr 6,665	kr 8,000	kr 7,710
Renteinntekter	kr 1,000	kr 954	kr 1,000	kr 1,687
SUM INNTEKT	kr 1,320,000	kr 1,331,541	kr 1,310,000	kr 1,311,653
SUM DRIFTSKOSTN	kr 1,355,000	kr 1,213,580	kr 1,093,000	kr 1,579,828
Sum FINANSPOSTER	<u>kr 7,000</u>	<u>kr 5,711</u>	<u>kr 7,000</u>	<u>kr 6,023</u>
SUM ÅRSRESULTAT	kr (42,000)	kr 112,250	kr 210,000	kr (274,198)

BALANSE	2020
Bygning Bedehus	kr 1,000,000
Tomt	kr <u>500,000</u>
Sum Anleggsmidler	kr 1,500,000
Kundefordringer	kr -
Kontanter	kr -
Foreningskonto	kr 85,529
Spareb. Pluss Visakort	kr 33,022
Høyrentekonto	kr -
Bankkto. Givertjeneste	kr 433,855
DNB Vipps	kr <u>157,781</u>
Sum Bankinnskudd	kr 710,187
Sum Eiendeler	kr 2,210,187
Egenkapital	kr 2,097,937
Overskudd	kr 112,250
Leverandørgjeld	kr -
Sum gjeld og egenkap	kr 2,210,187

Balanserapport

EMBLEM BEDEHUSFORSAMLING
884514932

Regnskapsår 01.01.2020 - 31.12.2020

Gjelder periode: 01.12.2020 - 31.12.2020

	Ved periodens begynnelse	Endring	Ved periodens slutt
EIENDELER			
Anleggsmidler			
1100 Bygning Bedehuset	1 000 000,00	0,00	1 000 000,00
1160 Tomt øst for Bedehuset	500 000,00	0,00	500 000,00
	<u>1 500 000,00</u>	<u>0,00</u>	<u>1 500 000,00</u>
Omløpsmidler			
1920 Sparebanken Møre drift 39003525221	17 165,67	68 363,58	85 529,25
1930 Sparebanken Pluss Visakort 30002197444	34 610,19	-1 588,63	33 021,56
1960 Sparebanken Møre Givertjeneste 39003524632	535 145,16	-101 290,00	433 855,16
1970 DNB bankkonto Vipps	131 822,58	25 958,18	157 780,76
	<u>718 743,60</u>	<u>-8 556,87</u>	<u>710 186,73</u>
SUM EIENDELER	2 218 743,60	-8 556,87	2 210 186,73
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Egenkapital (innskutt og opptjent)			
2050 Annen egenkapital	-2 097 937,20	0,00	-2 097 937,20
Udisponert resultat			
Udisponert resultat	-112 639,40	389,87	-112 249,53
Sum egenkapital (inkl, udisp. resultat)	-2 210 576,60	389,87	-2 210 186,73
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
2400 Leverandørgjeld	-8 167,00	8 167,00	0,00
Sum gjeld	-8 167,00	8 167,00	0,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	-2 218 743,60	8 556,87	-2 210 186,73
Saldo	0,00	0,00	0,00

BUDSJETT 2021/ REGNSKAP 2020/Balanse Husstyret

INNEKTER	Budsjett 2021	Regnskap 2020	Budsjett 2020	Regnskap 2019
Leige inntekter	kr 50 000	kr 41 125	kr 65 000	kr 63 652
Andre inntekter	kr 15 000	kr 10 539	kr 15 000	kr 16 616
Haustaksjon inntekter	kr 80 000	kr 71 558	kr 120 000	kr 122 865
Andre aksjoner/grautlørdag	kr 30 000	kr 24 349	kr 40 000	kr 38 964
Gåve inntekter	kr 30 000	kr 31 483	kr 20 000	kr 56 800
Rente inntekter		kr 16		kr 56
MVA refusjon	kr 35 000	kr 50 000	kr 35 000	kr
Husleige støtte forsamlinga	kr 80 000	kr 80 000	kr 80 000	kr 80 000
SUM INNEKTEK	kr 320 000	kr 309 069	kr 375 000	kr 378 954
KOSTNADER				
Haustaksjon utgifter			kr 7 000	kr 6 052
Utgifter arrangement			kr 4 000	kr 2 231
Offentlige avgifter	kr 16 000	kr 15 724	kr 11 000	kr 10 130
Elektrisk strøm	kr 80 000	kr 65 909	kr 80 000	kr 78 058
Reinhald	kr 6 000	kr 5 000	kr 6 000	kr 4 500
Forsikring	kr 31 000	kr 29 996	kr 30 000	kr 27 590
Vedlikehald	kr 100 000	kr 9 927	kr 100 000	kr 91 004
Småanskaf Staples/ØdegEngros mv	kr 15 000	kr 10 110	kr 18 000	kr 17 370
Anskaffelser/Oppgradering	kr 33 000	kr 127 173	kr 70 000	kr 155 931
Kontor rekvisita	kr 10 000	kr 3 861	kr 15 000	kr 13 192
Telefon / internett	kr 12 000	kr 10 075	kr 12 000	kr 10 424
Bank gebyr	kr 2 000	kr 1 800	kr 2 000	kr 1 721
Andre driftsutgifter	kr 15 000	kr 7 965	kr 15 000	kr 13 085
SUM KOSTNADER	kr 320 000	kr 287 540	kr 370 000	kr 431 287,96
RESULTAT	kr -	kr 21 529,31	kr 5 000,00	kr -52 334,24

Saldo bank pr. 31.12.2019

134 361,35

Resultat 2020

21 529,31

Saldo pr. 31.12.2020

155 890,66

FRA VALGNEMNDA

(det som er på plass av kandidater pr. 20. januar. Det arbeides videre med de øvrige personene og resultatet legges frem på årsmøtet).

FORSAMLINGSSTYRET

På valg:

Styreleder Arild Ove Halås	Tar gjenvalg
Nestleder/styremedlem Katrin Bjerkan	Tar ikke gjenvalg
Styremedlem Sverre Morten Zahl	Tar gjenvalg

Ikke på valg:

Oddbjørn Lystad og Linda Lillestøl

Varamedlemmer:

Helge Åkernes (1) og Bjørnar Ødegård (2)

Forslag fra valg nemnda (det skal velges 3 personer pluss 2 vara:

Styreleder	(velges for 1 år)	Arild Ove Halås
Styremedlem	(velges for 2 år)	Sverre Morten Zahl
Styremedlem	(velges for 2 år)	Ikke på plass pr. 20.01.
Varamedlemmer	(velges for 1 år)	Helge Åkernes (1), Bjørnar Ødegård (2)

HUSSTYRET

På valg:

Hanne Bentsen	Tar ikke gjenvalg
Kåre Flesjø	Tar ikke gjenvalg
Anne Marit Saunderson	Tar ikke gjenvalg

Ikke på valg:

Magne Ulstein, Øystein Emblem og Marit Ødegård

Forslag fra valg nemnda (det skal velges 4 styremedlemmer):

Styreleder	(velges for 2 år)	Arvid Lukkedal
3 styremedlemmer	(velges for 2 år)	Ikke på plass pr. 20.01.

REVISOR FOR FORSAMLINGSSTYRET OG HUSSTYRET

På årsmøtet i 2020 ble Lidvar Flydal (for husstyret) og Arvid Ødegård (for forsamlingsstyret) valgt til revisorer for 2 år. Det skal derfor ikke velges revisorer dette året.

VALGNEMND FREM TIL ÅRSMØTET 2022

Rune Volden og Per Grimstad har i flere år vært faste medlemmer i valgnevnda. I tillegg skal det oppnevnes en fra husstyret og en fra forsamlingsstyret. Dette har sist år vært Magne Ulstein og Sverre Morten Zahl.

Både Rune Volden og Per Grimstad er villige til å fortsette, men er også villige til å slippe til nye krefter dersom årsmøtet ønsker dette.

ELDSTERÅDET

Det skal sitte 4 personer i eldsterådet, og disse skal oppnevnes av årsmøtet etter en felles innstilling fra forsamlingsstyret og eldsterådet. (Valgnevnda har derfor ikke ansvar for å finne disse personene).

Fortrinnsvis skal det sitte to av hvert kjønn i eldsterådet så sant det er mulig. Kandidatene velges for 4 år.

Det har vært arbeidet mye med å finne den siste av de 4 medlemmene det siste året, og styret/eldsterådet har vært i dialog med flere personer, fortrinnsvis aktuelle kvinner. Dette har ikke ført frem og styret/eldsterådet ser det som viktigere å få et fulltallig eldsteråd enn at det må være to av hvert kjønn. Vårt eldsteråd er i prinsippet åpent for både 4 kvinner og 4 menn, alt etter hvem som velges av forsamlingen og som har mulighet å gå inn i denne tjenesten pr. dato.

Styret og eldsterådet er glade og takknemlig for at Rune Volden har sagt ja til å stille for 4 år i eldsterådet. Han var den personen som flest pekte på når vi i sin tid opprettet eldsteråd, men da var det ikke mulig for han å ta på seg denne oppgaven.

➔ **Forsamlingsstyret og eldsterådet ber derfor årsmøtet oppnevne Rune Volden som den fjerde medlemmen i vårt eldsteråd med funksjonstid på 4 år.**